

Kontaktutvalget

Dato: 04.06.2014
Vår ref.: 2014/17304-1
Saksbehandlar: oydzjem
Dykkar ref.:

Søknad om oppretting av landsdekkande linje innan toppidrett, vinteridrett, ved Voss gymnas, HFK, frå skuleåret 2015/16.

Fylkesdirektør opplæring i Hordaland har motteke søknad frå Voss gymnas av 11. desember 2013 om å få starta opp med landsdekkande linje innan toppidrett, vinteridrett, utdanningsprogram Idrettsfag, frå 01.08.2015.

I Hordaland fylkeskommune er det to skular, Tertnes videregående skole og Voss gymnas, som har tilbud innan toppidrett. Ved Tertnes videregående skole har vi tilbud innan sommaridrettar og ved Voss gymnas innan vinteridrettar.

På Voss gymnas har vi i dag tilbud innan skiskyting, langrenn, alpint og freestyle. Krav til å koma inn, i tillegg til karakterar frå ungdomsskulen, er at søkjarar kan visa til idrettsprestasjonar. Olympiatoppen er sentral i inntaksprosessen og kvalitetssikrar idrettsresultata.

Sidan kravet til å koma inn krev gode prestasjonar i idretten, er det år om anna noko ledig plass ved Voss gymnas. Skulen og fylkeskommunen ønskjer derfor at dette tilbodet også kan gjevast til idrettstalente i heile landet. Elevane betaler ikkje skulepengar, det er eit fylkeskommunalt tilbod på lik linje med andre klassar. Ved Voss gymnas står vi framfor ei stor ombygging med innandørs idrettsanlegg som er tilpassa toppidrettslina. Den «nye» skulen skal vera ferdig til innflytting i 2017. Utandørs anlegg er fylkesanlegg innan desse fire vinteridrettane. I desse anlegga har det vore arrangert både NM og World Cup.

Trenarane er tidlegare toppidrettsutøvarar med medaljar frå VM, OL og World Cup. Det er Kristen Skjeldal, langrenn, Gisle Fenne skiskyting, Even Hole alpint og Hilde Lid freestyle. For meir utfyllande informasjon om idrettsanlegg, trenarar og treningsopplegg viser vi til vedlagte notat frå Voss gymnas.

Voss er elles ei bygd som har merka seg ut med mange toppidrettsutøvarar innan desse idrettsgreinene. Fylkesdirektør opplæring meiner dette er eit svært godt tilbod til ungdom som kan visa til gode prestasjonar innan vinteridrett. Spesielt vil vi peika på at klubb og skule samarbeider om trening og samlingar, til det beste for eleven.

Voss har dei beste treningstilhøva i fylket, og Hordaland fylkeskommune ønskjer å tilby dette også til andre idrettsutøvarar i landet.

Vi søker med dette om at tilbodet på Voss kan verta eit landsdekkande tilbod innan toppidrett, vinteridrettar, frå skuleåret 2015.

Vennleg helsing

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Vedlegg: Notat «Toppidrettstilbudet v/Voss Gymnas»

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.